

MØTEBOK

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: Onsdag 10.8.2016
Stad: Gol, Gol kommunehus

Desse møtte frå Regionrådet:

Petter Rukke,	Hol kommune
Solveig Vestenfor,	Ål kommune
Heidi Granli,	Gol kommune
Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Tore Haraldset,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

Knut Arne Gurigard, dagleg leiar

Frå rådmannsutvalet møte:

Ole Johnny Stavn, Hemsedal kommune

SAK 41/16 NYE FOLKEVALDE REGIONAR

Uttale

1. Uansett løysing vil Hallingdal ligge i ein geografisk ytterkant i ein ny stor region, der avstandane i mange samanhengar blir større. Det må takast omsyn til dei store forskjellar som vil kunne bli i ein ny region, der distrikta fort kan bli ein «parentes». Distrikta/fjellregionar representera store ressursar som utan tvil vil kunne bli styrka i ein ny region. For å få ein god start er det heilt avgjerande at kunnskap og moglegheiter som fjellregionane har, blir lyfta fram i dei komande prosessar.
2. Regionrådet for Hallingdal oppfattar at alternativ Buskerud som ein ny region ikkje er aktuelt, sjølv om Regionrådet ser på denne løysinga som eit godt alternativ for Hallingdal. Regionrådet for Hallingdal vurderer ei samanslåing av Buskerud, Vestfold, Asker og Bærum som den beste løysinga for ein ny region.
3. Dei statlege regioninndelingane for den sektordelte forvaltninga må i størst mogleg grad samsvare med nye folkevalde regionar. Fylkesmannen og folkevald regionalt nivå må ha felles inndeling.
4. Prinsippet om at det skal takast distriktspolitiske omsyn ved utforming av valordninga har ein lang tradisjon. Regionrådet for Hallingdal forventar at det blir vurdert nøye korleis ein sikrar politisk representasjon frå alle områder i ein større region. Dersom fylkesinndelinga blir vesentleg endra bør dagens valkretsinnndeling behaldast ved stortingsval, for å sikre geografisk representasjon.

SAK 42/16 REPRESENTANAR I STYRINGSGRUPPE FOR NÆRPOLITIREFORMA I POLITIDISTRIKT SØR-ØST

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal har eit sterkt ynskje om å ha med to representantar i styringsgruppa for nærpolitireforma i politidistrikt sør-øst. Argumentet for dette er m.a.:

- Regionen Hallingdal er 6 kommunar
- Hallingdal som den største reiselivsregionen i landet har spesielle utfordringar

- Hallingdal som distriktsregion vil vera ein «utkant» i det nye politidistriktet, der me fort kan bli ei svak røyst.

Regionrådet for Hallingdal ynskjer å ha med følgjande i styringsgruppa:

- Oddvar Grøthe, rådsordfører og ordfører Hemsedal kommune
- Solveig Vestenfor, vararådsordfører og ordfører Ål kommune

Ål 10.8.2016

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar